

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 3

Saksbehandlar/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 05.03.2025

Sak 21/25 Handlingsprogram 2026-2029

1. Bakgrunn

Saka er ei av fleire som gjeld rullering av handlingsprogram 2026-2029. Jamfør tidsplanen for rullering av handlingsprogrammet, skal styringsgruppa i dette møtet vedta bruken av post 30-midlar til prosjekt på riksveg, og post 30(66) til prosjekt på kommunal- og fylkesveg. År 1 (2026) i handlingsprogrammet blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Midlane over post 66 og det fylkeskommunale bidraget blir handsama i neste møte.

Saka har vore drøfta i prioriteringsrådet. Tabellane i dokumentet er sortert kommunevis, og viser forslag til korleis post 30-midlane skal brukast i perioden 2026 til 2029. Arbeidsgruppene si vurdering av måloppnåing og modenheit på prosjekta er inkludert.

2. Post 30 Programområdemidlar riksveg, og kommunal og fylkesveg

Dei statlege programområdemidlane skal brukast på framkometiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, som bidreg til å oppfylle nullvekstmålet. Midlane kan og nyttast til kommunale og fylkeskommunale gange-, sykkel- og kollektivtiltak, inkludert innfartsparkering. Det er føresett at bruken blir avgrensa til investeringar, og at ei slik prioritering blir vurdert som meir kostnadseffektiv eller aukar måloppnåinga i avtalen samanlikna med tiltak på riksveg. Finansiering over post 30 i det første året i handlingsprogrammet (2026), utgjer Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjett 2026.

Handlingsrommet for å prioritere prosjekt finansiert av Post 30 er avgrensa for Bergen, der summen av nye og ikkje-igangsette prosjekt er høgare enn tilgjengelege midlar. I dei andre kommunane er det rom til å prioritere alle innspelte prosjekt.

Tabell 1 viser tilgjengeleg finansiering per kommune. Kolonnen «Handlingsrom» viser tilgjengelege midlar for perioden 2026-2029 når ein ser bort frå prosjekt med bindingar, altså prosjekt som allereie har fått finansiering over post 30. Neste kolonne viser kostnaden mellom 2026 og 2029 for ikkje-igangsette prosjekt som er spelt inn til handlingsprogrammet. Kolonnen «Avvik» viser avviket mellom handlingsrom og prosjekter spelt inn når ein legg til grunn at byvekstavtalen blir reforhandla og eventuelle restbehov blir dekt av nye midlar. I dette tilfellet er det berre Bergen som må ta bort prosjekt for å halde seg innanfor handlingsrommet. Øygarden kan prioritere alle sine prosjekt, men dersom det ikkje blir reforhandla ny

avtale står dei igjen med eit restbehov på 85 mill. Det er dermed ein risiko knytt til nokre av prosjekta. Alver, Askøy og Bjørnafjorden har tilgjengelege midlar til alle sine prosjekt, inkludert restbehov.

Post 30	Rammar i byvekstavtalen	Tidlegare løyvingar + igangsatte prosjekt	Handlingsrom	Prosjekt spelt inn HP26-29 (ikkje-igangsatte)	Avvik	Restbehov etter 2029
Bergen	3 807	2 734	1 073	1 295	-222	498
Alver	394	103	291	75	216	20
Askøy	397	172	225	214	11	0
Bjørnafjorden	334	214	120	112	7	0
Øygarden	517	80	437	412	25	85
Sum	5 448	3 303	2 145	2 109	36	603

Tabell 1 – Tilgjengeleg finansiering post 30. Tal i mill. 2025-kr.

2.1. Post 30 Bergen

Det er ikkje nok tilgjengelege midlar til å prioritere alle prosjekt i Bergen kommune. Eit forslag til prioritering frå Bergen kommune vart diskutert i prioriteringsrådet, som blei einige i å ta utgangspunkt i dette som innspel til handlingsprogram. Det har i etterkant av møtet komme justeringar i forslaget frå Bergen. Tabell 2 viser det oppdaterte forslaget til bruk av post 30 midlar i handlingsprogram 2026-2029. Kolonnen "Kostnad 26-29" viser summen av finansieringa i handlingsprogramperioden 2026 til 2029. Restbehov etter 2029 framkommer i ein eigen kolonne.

Dei tre første prosjekta, "Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesstun-Skjold", "Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken-Glass Knag" og "Trafikktiltak Nygårdstangkryset/Fjøsangerveien" er igangsette prosjekt som allereie bind opp midlar i komande handlingsprogram. Arbeidsgruppene har ikkje vurdert måloppnåing og modenheit på desse prosjekta. Prosjektet "Mindemyren" blei spelt inn etter arbeidsgruppene si vurdering, og har heller ikkje score på måloppnåing og modenheit.

Med dette forslaget til prioritering, vil innspellet til statsbudsjett 2026 være på 187,5 mill., der 36 mill. er knytt til nye prosjekt.

Det er ikkje funnet rom for å prioritere desse prosjekta innanfor rammene til post 30 i denne rulleringa av handlingsprogram:

- KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva
- Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien. Sikkerhet og fremkommelighet
- Nymark øst. Sykkelprioriterte gater og tilpasning av kjøremønster
- Gang- og sykkelbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppn.	Kostnad 26-29	2026	2027	2028	2029	Restbehov
Prosjekt med bindingar								
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	-	-	112 000	100 000	12 000	-	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	-	-	47 700	40 000	7 700	-	-	-
Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	-	-	11 500	11 500	-	-	-	-
Detsum, prosjekt med bindingar			171 200	151 500	19 700	-	-	-
Handlingsrom til prioritering av nye prosjekt			1 073 000					
Nye prosjekt								
Mindemyren, byggetrinn 2	-	-	91 000	1 000	30 000	30 000	30 000	40 000
Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	3	9	110 850	5 000	15 000	47 400	43 450	6 080
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop	3	8	115 000	-	5 000	40 000	70 000	71 066
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	3	6	22 000	2 000	20 000	-	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	3	7	108 412	-	5 000	60 000	43 412	-
Grimstadvegen	3	6	82 700	-	-	24 800	57 900	47 900
Bjørndalsbakken bro, økt fremkommelighet for myke trafikanter	3	8	30 000	-	-	15 000	15 000	-
Johan Berentsens vei - etablering av fortau	3	8	43 800	17 500	17 500	8 800	-	-
Ytre Arna - Breistein, sammenkobling av gangveier	3	6	8 500	500	-	8 000	-	-
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	2	9	97 850	-	7 000	43 450	47 400	79 470
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg	2	9	135 000	-	5 000	55 000	75 000	97 327
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei - Hagerupsvei	2	9	53 700	-	-	4 100	49 600	109 400
Wiers-Jenssens vei, fremkommelighet og sikkerhet	3	9	62 754	10 000	36 000	16 754	-	-
Paradis 2. byggetrinn	3	9	107 600	-	24 800	41 400	41 400	47 100
Detsum, nye prosjekt i HP26-29			1 069 166	36 000	165 300	394 704	473 162	498 343
Sum totalt, handlingsprogram 2026-2029			1 240 366	187 500	185 000	394 704	473 162	498 343
Resterende midlar			3 834					
Prosjekt som ikkje skal prioriterast i HP26-29								
KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	1	9	30 000	-	-	-	30 000	-
Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien - sikkerhet og fremkommelig	3	8	65 000	17 000	24 000	24 000	-	-
Nymark øst, sykkelprioriterte gater og tilpassing av kjøremønster	3	8	11 175	3 000	8 175	-	-	-
Gang- og sykkelbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune	2	9	120 000	-	60 000	60 000	-	-
Sum, prosjekt som ikkje skal prioriterast i HP26-29			226 175	20 000	92 175	84 000	30 000	-

Tabell 2 – Post 30-prosjekt i Bergen kommune

2.1. Post 30 Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden

For dei resterande kommunane er det handlingsrom til å prioritere alle innspelte prosjekt. Tabell 3 viser prosjekta som er føreslått prioritert med midlar i handlingsprogram 2026-2029, sortert kommunevis.

Tre av prosjekta har fått tildelt midlar over post 30 tidlegare, og bind derfor allereie opp framtidige midlar. Desse kan ikkje prioriterast ut av handlingsprogrammet. Prosjekta det gjeld er:

- Alver: Utbetring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune
- Alver: KV1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier
- Bjørnafjorden: Etablering av trafikkisikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen

Arbeidsgruppene har ikkje vurdert måloppnåing og modenheit for desse prosjekta.

Finansiering i kolonnen «2026», som utgjer forslag til statsbudsjett, er på 157 mill., der 88 mill. er knytt til nye prosjekt.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppn.	Kostnad 26-29	2026	2027	2028	2029	Restbehov
Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	-	-	8 477	8 477	-	-	-	-
Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	-	-	9 400	9 400	-	-	-	-
Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	3	9	2 000	2 000	-	-	-	-
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	3	8	27 700	5 800	19 400	2 500	-	-
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	3	7	11 100	9 100	2 000	-	-	-
Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	2	8	29 600	-	-	4 600	25 000	5 900
Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	2	5	5 000	-	-	-	5 000	14 200
Sum Alver			93 277	34 777	21 400	7 100	30 000	20 100
Nordre Hauglandsveg	3	8	43 134	-	11 850	14 220	17 064	-
Skarholmvegen	1	9	170 851	-	-	170 851	-	-
Sum Askøy			213 985	-	11 850	185 071	17 064	-
Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løsning langs Hatvikvegen	-	-	55 500	51 300	4 200	-	-	-
Sykkelparkering	3	9	3 135	3 135	-	-	-	-
Snarvegar Osøyro	3	9	10 000	10 000	-	-	-	-
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	3	7	1 800	600	1 200	-	-	-
Fv5150 Trollalden–Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	3	6	13 200	13 200	-	-	-	-
Ferstadvegen	3	6	4 000	4 000	-	-	-	-
Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro	2	7	80 000	-	20 000	60 000	-	-
Sum Bjørnafjorden			167 635	82 235	25 400	60 000	-	-
Bildøyvegen/Straumsundet bru	3	9	188 100	15 675	26 125	73 150	73 150	10 450
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	3	8	66 462	-	33 231	33 231	-	-
Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen	2	8	26 125	-	-	10 450	15 675	-
Skogsskiftet sentrumsområde	3	6	131 787	24 300	48 600	48 600	10 287	-
Sum Øygarden			412 474	39 975	107 956	165 431	99 112	10 450

Tabell 3: Post 30-prosjekt i Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden

Det er i tillegg spelt inn eit prosjekt over post 30(66) i Øygarden kommune, "Vestsidevegen", men dette prosjektet har ikkje spelt inn kostnadsanslag for perioden 2026 til 2029, og dermed ikkje aktuell for prioritering av midlar i handlingsprogram 2026-2029.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppn.	Kostnad 26-29	2026	2027	2028	2029	Restbehov
Vestsidevegen	1	7	-	-	-	-	-	74 200

Tabell 4: Prosjekt som ikkje vert prioritert i handlingsprogram 2026-2029.

10. Vegene vidare

Denne saka omhandlar bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2026-2029. Prioriteringsrådet vil jobbe vidare med dei andre finansieringskjeldene, og eit forslag til eit heilskapleg handlingsprogram blir lagt fram for styringsgruppa i neste møte, 25. april. Etter vedteke handlingsprogram bør partane vere førebudd på å bli bede om å prioritere prosjekta over post 30. Partanes lokalpolitiske organ skal vedta handlingsprogrammet før sommaren.

11. Forslag til vedtak

Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2026-2029, i tråd med konklusjonen i møtet. År 1 i handlingsprogrammet (2026) blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Handlingsprogram 2026-2029 som heilskap blir handsama i neste møte. Vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2025.